Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru. Skulen har i dag mindre religionsundervising. Difor er det viktig at de kjem på T-dagar med borna.

Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua.
Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til T-dagane uansett livssyn.

Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80
e-post: t-dagane@voss.kyrkja.no,
www.voss.kyrkja.no “Trusopplæringa i Voss”
Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293 (merk: trusopplæring)

# Velkomen til T-dag

T3 T4 T5

**I Raundalskyrkja,
sundag 19.10.25,
kl. 10:00**

STØRST AV ALT
Barn og unge i Den norske kyrkja

VELKOMEN TIL T-DAG
for deg som er 3, 4 eller 5 år og til familien din.

Sundag 19. oktober er du hjarteleg velkomen til Raundalskyrkja kl. 10:00. Her skal me verte litt betre kjende med ein mann som heiter Jona. Han opplevde noko veldig rart, og du skal få høyra om han. Me skal laga noko og så skal me leika.
Kl. 11:00 har me familiegudsteneste i lag, tilpassa dei minste. Fireåringane får utdelt kvar sin barnebibel. Etterpå kosar me oss med hausttakkefest.

PROGRAM:

| | |
|---|---|
| Kl. 10:00 | T-dag for 3-, 4- og 5 åringane |
| Kl 11:00: | Gudsteneste for alle |
| | Hausttakkefest |

PRAKTISK INFO
3-, 4- og 5- åringen er invitert saman med familien sin: Foreldre, besteforeldre og fadrar.
Syskjen er òg velkomne til å vera med. Gje beskjed ved påmelding dersom de tek med søsken, slik at me kan sørga for å ha nok materiell.

**Påmelding innan tordag 16. oktober**
på www.voss.kyrkja.no
eller bruk QR-koden

Kontaktperson: Berit Hauge Våle, 916 54 950
Hjarteleg velkomne!